

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

OKTOBER 1986

40. årg.



MOSAIKKARBEID AV KALLA SKRØVSETH I STAMNES BEDEHUS

- om gudstenesta (3)

Kyrie eleison

Desse orda lyder som gresk for mange. Og det er ikkje underleg, for det er gresk! Men lukkekeg vis kjem omsetjinga like etter: "Gud Fader, miskunna oss."

Eigentleg tydar kyrie "herre", medan eleison tyder "miskunna oss". Kyrie eleison er altså ei bøn om hjelp til vår herre i himmelen. Inn i denne bøna kan vi leggja alt vi har av sut og vanskelege ting. Vi ber det alt

saman fran for Gud - han som har både kjærleik og makt nok til å hjelpa oss.

Desse orda har vorte nytta i gudstenesta i bortimot 2000 år (!). Med desse velprøvde orda kan vi få leggja det som er tungt å bera, i den tre-einige Guds hender:
Kyrie eleison! Gud Fader miskunna oss!
Kyrie eleison! Herre Krist miskunna oss!
Kyrie eleison! Heilag Ande miskunna oss!

KANO

GLIMT FRÅ
INSPIRASJONS-WEEKEND
PÅ FAGERTUN
12. 14. september



Kjell Arne Norum heldt bibeltid. Mari Sønnesyn øvde med deltakarane, så dei kunne stilla med eit kor til gudstenesta søndagen. Inge Christian Meidell hadde gudsteneste i Nesheim kyrkje denne søndagen. I tillegg til dette vart det høve til samtale og fellesskap både på tur, på kveldsmøter og rundt kaffibordet.

la, for det ed Jerusa- den store du sver- an ikkje er svart. nei vera t, er av
19-30) za for n eg den no- så con lat on in u v
Fader
"Når opp brukar dei! Fader såleis:
Fader du
10 Lat ri
Lat vi
så so
11 Gjev os
12 Forlat o som vi o våre si
1 For oss ik
Den siste del i gudstenesta:
5 6,5 Luk 6,10 26,42
Tess 3,1
4 6,19 Jak 1,13 ff 1,26,8 6,12 Sal 32,5; Mut 18,21 ff; Ef 4,32; Kol 3,13 6,20 19,21 6,7 Fork 5,1 6,9 3 Mos 22,32; Esek 6,13 Mark 14,38; 1 Kor 6,15 18,35 6,16 Jes 58,3 ff; 6,24 Luk 16,13; 1 Kong 18,21

Ære av menneske - ære av Gud
MATTEUS 6
6 Akta dykk at de ikkje gjer dei gode gjerningane dykkar for augo på folk, så dei skal leggja merdykkar i himmelen. Når du gjev til dei fattige, så blås ikkje i basun om det, som hyklarane gjer i synagogene og på gatene, så folk skal rosa dei. Sannelig, det seier eg, det som er skjult, skal bli uttalt, og det som er gjemt, skal bli oppdaga.
7 men frels oss frå det vonde. [For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.]
14 For om de tilgjev andre menneske den urett dei gjer mot dykk, så skal Far dykkar i himmelen tilgje dykk òg. Men om de ber til Far, utan at de tilgjev andre menneske, så kan Far berre seie: "Miskunna oss, for du veit, men de veit ikkje." Amen.

HIMMEL OG JORD

Når vi ber Fader vår, er vi innom nesten alt mulig. Til og med himmelen får vi med oss. "Som i himmelen, så og på jorden", ber vi.

Jeg lurer på hvordan det er i himmelen. Det er iallfall helt sikkert at perler og gullgater ikke er det viktigste. Det viktigste er at der skjer Guds vilje. Og den er bare god. I himmelen er alt godt. Slik er det ikke på jorden.

Tenk på det når du ber "Skje din vilje" eller "La din vilje skje". Tenk på at det viktigste er at du kommer til himmelen, at alt som skjer med deg, er med på å bevare deg i troen. Da kan svaret kanhende bli et annet enn du selv ønsket, kanskje motgangen ikke stanset. Men motgang betyr ikke at Jesus har glemt deg!

Da er det større sjanse for at bønner kan gjøre livet lettere for noen på jorden også. Guds vilje med jorden var jo at vi skulle ha det godt her også. Og når du har bedt Far om å ta vare på deg så du når himmelen, kan du så mye gladere få omsorg til andre. Det er den som vil "sikre" seg i jordelivet, som aldri får tid til overs for andre.

Da blir det en spennende bønn å be, denne 3. bønn i Fader vår. Lurer på hvem jeg skal få lov å overraske med litt omsorg i dag! Lurer på hvordan Gud vil lede fremtiden! Tenk at vi selv skal få vere en del av svaret på denne bønner. Gud vår Far er sannelig den beste som fins å be til. Godt Jesus ga oss lov til å be til ham.

Øyvind Hartberg

Vi noterer oss

Åpropos til preikelista

Vi vil her særskilt gjera merksam på eit par arrangement.

15. nov kl. 19, i Vaksdal kyrkje, vert det **"Heile kyrkjelyden syng"** medverkande vert m.a. Sagstad ungdomskor.

Den 16. nov. vert ein stor dag for Eksingedalen. Då skal det takast i bruk **to nye orgel**, både på Nesheim og på Flåtekvål.



BIBELN ÅPEN FOR ALLE

Vi vil minna om Kjell Arne Norum sine bibeltimar på Stamnes bedehus:
29. okt.: Kva er ein kyrkjelyd - kven er vi?

5. nov.: Nådegåvene

12. nov.: Ein fellesskap i bot og bøn, kamp kjærleik og lovsong

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Bladpengar

Kyrkjebladet er avhengig av blad-pengane for å kunne koma ut. Synest du at du finn noko av interesse i bladet, vonar vi at du òg vil vera med å betala for å få det heim til deg.

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13 117

Bladpengane er i år sette til 45 kr.

Bladet trykkast i eit opplag på 2050, og til no i år har 698 betalt.

Eg seier ikkje meir, men vonar at ein del sovande samvit vert vekte.....

ToMaN

Barnekor på Vaksdal

Barnekoret på Vaksdal tek opp att aktiviteten. Det vert øving fredagar kl.16.30 i kyrkja. Born frå 1. klasse og oppover er velkomne.

KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Treng du forbøn?

Dersom du ønskjer det, kan du gje beskjed til presten, så vil han ta deg med i forbøna under gudstenesta. Det er jo ein av grunnane til at kyrkjelyden kjem saman - at vi ønskjer å be til Gud. Då er det og rett og godt at vi bed for kvarandre.

KANO

Soknerådet for Stamnes og Eidsland



Frå venstre: Marit Gullbrå, Kjell Arne Norum, Else Dyvik, Asbjørn Ekse, Olav D. Kvamme, Bjørg Vassenden. Anne Berit Straume var ikkje til stades.

Stamnes og Eidsland har sokneråd ilag. Ei av dei viktigaste oppgåvene for dette soknerådet er å prøva å betra kontakten mellom einskildmenneska i soknet og mellom Eidsland og Stamnes.

Det arbeidet som vert gjeve høgast prioritet no, er ungdomsarbeidet. Og soknerådet vart både glade og overraska over den store pengegåva øymerka ungdomsarbeid som kommunen gav i høve kyrkjejubileet. Dette er òg ei oppmuntring og anerkjenning for dei som driv dette arbeidet.

Elles har arbeidet dette året bore preg av jubileumsførebuingar. Soknerådsformann Asbjørn Ekse vil nytta høvet til å takka dei ulike komiteane som har teke på seg dette arbeidet. Dei har gjort ein flott jobb!



Bergsdalen sokneråd

Formann Per Småbrekke er smålåten og seier at dette soknerådet er ei samling bønder, som kjenner seg som amatørar når det gjeld det omfattande arbeidet soknerådet kan gjera. Vi konsentrerer oss i første omgang om det vi er pålagde ved lov å gjera, m.a. budsjettvedtak. Meir åndelege aspekt vert lett forsømde p.g.a. kapasitetmangel.

Av konkrete oppgåver må vi nemna at det er soknerådet som er arrangør av det årvisse Bergsdalsstemnet. Og i haust arrangerar dei ein evangelisk aksjon.

1. rekkje frå venstre: Jorun Brekke, Gerd Brekke, Kari Berge(vararepr.), Anna Pettersen(vararepr.)
2. rekkje frå venstre: Inge Chr. Meidell, Per Hatlestad, Per Småbrekke, Kristina Fosse(vararepr.)



OPEN SAMTALEGRUPPE

MÅNDAG 3.NOVEMBER KL. 19.30 I MOSESHUSET PÅ DALE
GAMLE OG NYE "SAMTALARAR" ER VELKOMNE!



KVA GÅR PENGANE TIL?

INNSATS MOT ØRKENSPREIING
I AFRIKA

HELSE- OG JORDBRUKSPROSJEKT
I ASIA

SLUMARBEID I MELLOM-AMERIKA

STYRKE KN SIIT KATASTROFOND

■ Innsamlingsleiar for TV-aksjonen, Per-Otto Gullaksen, seier det har vore svært oppmuntrande å reise rundt og møte lokale aktivistar.

-Eg visste at mange hadde vore med i år etter år og var vel litt redd for at dei hadde gått trøytt. I staden sa den eine etter den andre at dei gledde seg til årets aksjon.

Gullaksen sender likevel ei ekstra utfordring til foreldregenerasjonen: I fjor hadde vi Ungdomskampen. Ei rekkje rockeartistar og idrettsutøvarar har engasjert seg for Afrika. No synest eg det er dei vaksne sin tur til å gjere ein innsats.

VEIT DU AT....

- * Kirkens Nødhjelp brukte heile 217 millionar kroner til hjelpearbeid i 1985?
- * Berre ca. 7% av årsbudsjettet i KN går med til administrasjon og informasjonarbeid her heime?
- * Menneske i meir enn 60 land i Asia, Afrika og Mellom-Amerika får støtte gjennom KN?
- * Det er no 9 år sidan sist gong KN fekk inntektene frå TV-aksjonen? Nødhjelp '77 representerte eit gjenombrot for dør-til-dør aksjonane, og det kom inn 53 millionar kroner.

På grunn av TV-aksjonen 1986 "HJELP UTEN GRENSER" er det nokre tusen menneske som får høve til å arbeide seg ut av ein håplaus livssituasjon.

Kva skjer her hjå oss på innsamlingsdagen?

No er det like før årets store innsamlingsaksjon skal gå av stabelen, og Kyrkjebladet har snakka med ordførar Otto Berg, som er formann i kommunekomiteen for denne innsamlinga.

Han fortel at det vert 80 bøsseberarar i kommunen vår, og han understrekar at alle heimmar skal få besøk. Bøsseberarane kjem til å gå rundt mellom kl 16 og 18, så da får me satse alt på å vera heime. Kjem dei til tome hus, vil dei leggja att ein postgiroblankett.

Hovudsentralen for oppteljinga vil vera Sparebanken Vest på Dale. Spørsmål om aksjonen på sjølve dagen kan rettast til banken. Det går ut brev til alle bedriftene i kommunen med opplysningar om ein særskilt innsamlingskonto. Den kan brukast ved å ringja til banken på sjølve innsamlingsdagen for å melda frå om gåvebeløp ein vil gje.

Skulane har fått tilsend materiell til arbeidsopplegg for ulike aldersgrupper. Nokre av skulane vil laga ei aksjonsveke felles for denne TV-aksjonen og FN-dagen (24. okt.)

Vi bad om ein liten oversikt over kor mykje vi har gjeve her i Vaksdal dei siste åra. Og den oversikten ser slik ut:

1982 Aksjon Håp	132 000 kr.
1983 Aksjon Menneskeverd	97 000 kr.
1984 Amnesty International	190 000 kr.
1985 Ungdomskampen	95 000 kr.

Otto Berg meiner at dei fleste kjener til det arbeidet Kirkens Nødhjelp driv. Sjølv vil han særskild nemna den innsatsen KN gjer når det trengs katastrofehjelp. Dei er på plass blant dei aller første når ein katastrofe har hendt.



Otto Berg i full sving med førebuingane til årets TV-aksjon.

KN's engasjement skulle anspore alle til å vera med å gje på sjølve innsamlingsdagen, seier Berg. Det er pengane som er avgjerande på denne dagen.

LAT DET GÅ SPORT I INNSAMLINGA DEN 19.
LAT OSS SLETTA ALLE GAMLE REKORDAR!
ToMaN

NB!

På Vaksdal vert det stand på Senteret. laurdag 18. okt. Det vert delt ut informasjon om aksjonen. I tillegg vert det høve til å høyra afrikansk musikk, sjå litt brukskunst derifrå og få seg ein smak av sudanesiske daglegkost. Ein vil òg prøva å få vist ein videofilm om "Vatn". Denne filmen vert truleg også vist på Dale.

HØGTID OG FESTSTEMNING PÅ STAMNES

STAMNESKYRKJA SITT 125-ÅRSJUBILEUM

VART HØGTIDA 21. SEPTEMBER



Frå gudstenesta.
Prost Østtveit, "gamlepresten" Steinnes og res.kap. Norum.

Prost Østtveit tala over Joh.8,35-36.

- Vi kjenner trong til å takka Gud for desse 125 åra. Vi må takke for kyrkja, der vi får koma med våre små, velsigna våre unge, knyte band mellom to i ektepakt, ta farvel med våre kjære. Dette er eit hus til Guds åra, og det vitnar om at Gud bur midt i mellom oss.

- Men har vi vårt på det tørre fordi vi har eit bra Gudshus og driv kristent arbeid? Er vi frie?

- Vi gjer som vi vil inntil vi står framfor Gud, inntil Andens lys kjem over våre liv og syner oss alle dei banda som binde oss.

- Formålet for kyrkjehuset er at Gud skal nå oss og tala personleg til oss. Den Heilage Ande skal tala til oss om sanninga, om synd og soning.



Kunngjeringar på kyrkjebakken
- etter gamalt.



Konfirmantpresentasjon.
Dette året er det 5 konfirmantar på Stamnes. Desse fekk utdelt "Godt nytt" under denne gudstenesta.

Stamnes ungdomskor gledde oss med song både i kyrkja og på bedehuset.



VEL MØTT TIL FEST I BEDEHUSET!

Etter gudstenesta vart bedehuset fylt til siste plass. Kring festpynta bord vart vi serverte dravle, snitter og kaker. Ingolf Gammersvik var ein dugande festleiar.



Det skulle vera rikeleg med dravle!



Stamnes kyrkjelyd imponerte med alle dei lokale kreftene sine. Her kan vi berre visa nokre glimt av alt det som gjekk føre seg. Her ser vi Stamnes damekor, som framførte to fine songar.



Det vart plass til både små og store kring borda.



Thor Michelsen spelte både i kyrkja og bedehuset.



Bente Tyssen



Ingolf Gammersvik vart takka for lang og tru teneste som kyrkjjetenar.

REGNVÆRS SANGEN

En barnesang skrevet regnværsdagen lørdag 3. juli, i Svelvik.

Det regner, og det regner, og det regner. Det regner, og det regner, og det regner.
 Det regner, og det regner, og det regner. Det regner, og det regner, og det regner.
 Ja, når regnet strømmer ned,
 blir det vått på hvert et sted,
 og jeg vet ikke hvordan jeg skal bli tørr.
 var til hjelp for synd og død og underg;

Det regner, og det regner, og det regner. Vår Gud, vi ber til deg i høye himmel,
 Det regner, og det regner, og det regner. vårt Norge er en bitte liten strimmel
 For når sola er bak sky, av vår lille jordeklode
 da går alle i hver by som du skapte da du gjorde
 ut på gata med hver sin store paraply. hele universet med din allmakt stor.

Det regner, og det regner, og det regner. Vår Gud, vi priser deg av hele hjertet.
 Det regner, og det regner, og det regner. Vi takker deg for alt godt som du lærte
 Også her ute på landet da du førte oss gjennom trengsel
 blir det masse regn av vannet fra vår vonde tid i fengsel
 som Gud gir oss av sin nåde mot vår tørst. ut i friheten i tjeneste for deg.

Inge Christian Meidell

Etiopiamisjonær på heimeopphald

Ein av våre "eigne" misjonærar er no på heimeopphald. Marit Sandal bur heime på Stammes medan ho er vekependlar til Voss, der ho underviser på sjukepleieskulen. Ho stiller gjerne opp til eit intervju med Kyrkjebladet, og vil nytta høvet til å takka for bladet, som ho får flysendt til Etiopia. -Når det kjem i posten, er det det første eg les, seier ho.

Marit har arbeidd for Norsk luthersk misjonssamband i Etiopia sidan 1965. Også der får ho nytta utdanninga si som sjukepleielærer. Men arbeidsfeltet hennar er nok ein god del vidare der enn her heime. Sjølv samanfattar ho oppgåvene i tre ord: evangelisering - undervisning - rådgjeving.

Ho er leiar for ein skule for helsepersonell i småbyen Yirgalem i Sør-Etiopia. Skulen er tilknytta eit sjukehus gjeve av NORAD til den etiopiske staten. Det er altså ein statleg skule. Og misjonen er beden av staten om å administrera dette.

-Dette er jo eit fantastisk høve til å nå menneske med Guds ord, seier Marit. Her kjem 30 gutar med minst 10 års skulegang bak seg og med god kjennskap til kommunismen (dette er opptakskrava til skulen). Og desse skal vi få arbeida med! Det er andakt kvar dag, både for elevar, ansatte og pasientar. Det er sjølv sagt opp til kvar einskild om han vil møta. Men det syner seg at dei aller fleste vil høyra forkynninga.

Skulen varar 1 1/2 år. I denne perioden er det lagt inn praksis både ved sjukehuset og ved små helsestasjonar på landsbygda. Når studentane er ferdige, vert dei plasserte anten på sjukehuset eller, som dei fleste, langt ute i bygdene. Og det dreier seg ikkje berre om å læra dei det reint praktiske. Det er sær viktig å få etioparane til å kjenne



ansvar for dei som dei arbeider blant, ansvar for alle, utan omsyn til stamme og sosial status.

Det er omlag 10 skandinavane knytta til sjukehuset og skulen. Og her administrerar dei altså det heile, medan misjonen elles i Etiopia no er integrert i den lokale kyrkja med rådgjevarfunksjon.

-Det er ei fantastisk utfordring å stå i dette arbeidet, seier Marit. Å vera i Etiopia og å ha med etiopisk ungdom å gjera, er gjevande og utfordrande. Vi får nær kontakt med studentane. Vi skal lære dei opp til å ta omsorg for eit folk i naud. Dei skal arbeida på grasrotnivå og hjelpe der folk elles ikkje får hjelp.

-Til slutt vil eg koma med ei utfordring: Stans opp for kallet, dersom du har det! Vi treng fleire arbeidarar!

Etter Marit si glade og engasjerte framstillingå døma, skulle ikkje dette vera noko tungt kall. Vi ynskjer henne lukke til med vidare arbeid både heime og ute!

ToMaN

Sammen om å sende

heiter foreningsaksjonen NLM har i gang no, og meininga med den er absolutt "go". Ja, me og treng om ein fornyelse - her, om det trur eg det einigheit er. Her på Vaksdal det ein ikkje so liten kristenflokk går - og dei fleste til arbeid i "vingarden" går.

Mange misjonsforeningar er i gang. Misjonsselskapet - Santalmisjonen - Indremisjonen osv. Det mange det i sume grupper er, men tenk i kvinneforeninga til Misjonssambandet dei no berre 2 er. Og dei har lenge bedt og spurt om ikkje fleire vil vera med her? Er det rart me i undring står - når me ser på alle, som her millom oss går? ?

I ca. 100 år har denne foreninga vore - rusla og gått - og no i denne overflodstid skal det vera so smått? Skal tru her ikkje nokon er som kjenner på eit kall til å vera med her? ? ?

Kor ofte tenkjer me på våre misjonærar, som er ute i felten no? Grete Øpstebø håpa at fleire vilde vera med i foreningane ho. Særleg til dalingar ho denne utfordringa gav - men ogso andre stader håpa ho fleire vart med og ofra og bad. Misjonsforening kan vera so mangt - alle kan få sin plass - frå baby til olding - det er sandt - barne- ungdom- kvinne- manns- eller familieforening - Du er velkomen i ei eller anna form for misjonsforening.

Våre misjonærar har "behov" for kontakt frå oss som er med og sender. Tenk om her og kunne vore ei gruppa som kalla seg KENYA'S VENNER. Sidan vår yngste misjonær er plassert der, skulle me kanskje no satsa litt ekstra her? Vil helsa med Grete sine ord i fjor før ho til Kenya for: "ME MÅ SATSA FOR FULLT" Likevel ser det ut som denne gjerning for mange er skjult.

Måtte me alle vera lydige og gå, om oppdraga våre er store eller små. Alt misjonsarbeid - heime og ute - viktig er. Misjonens Herre kallar oss til arbeids her. Tenk at me syndige menneske oppgaver skulle få, og so er det akkurat oss han vil bruka - nettopp nå.

Tenk å få vera med i gruppa som er med å sender "Det glade budskap" til verdens ender.

I..



BARNESIDE



JESUS ER GLAD I DEG.

Jesus er glad i barna. Vi seier at Jesus elsker alle barna. Her holder han noen på fanget sitt og snakker med dem. En gang kom det noen mammaer til Jesus, med barna sine, for at Jesus skulle velsigne dem. Det er godt når Jesus velsigner. Men disiplene jaget dem vekk, for at de ikke skulle forstyrre Jesus. Da sa Jesus til disiplene at de fikk aldri lov til å jage vekk barna som kom til han. Han vil at barna skal komme til han. Han vil at barna skal tro på han. Han vil at barna skal be til han. Og han vil så gjerne hjelpe barna med alle ting, både når de er våtne og når de drømmer stygt, når de leker og når de arbeider med noe, når de er lei seg og når de er glade. Og Jesus sa: "La de små barna være, og hindre dem ikke fra å komme til meg. For himmelriket hører slike til." Matt. 19.13-15.



Hei!

Denne gongen er

det ikkje arbeidsoppgåve eller konkurranse. Du kan jo fargeleggja teikninga hvis du har lyst! Neste gong kjem det ein ny konkurranse.

Vinnar sist gong vart:

MARIT MJELDE,
5270 VAKSDAL.

Ho har fått tilsendt premie.

Reidun Skurtveit.

Andakten er henta frå ei andaktsbok for barn.

"Min første reise
gjennom Bibelen"
Kenneth N Taylor.

Frå kyrkjebøkene

Døypte



DALE

24.08. Sandra Rødland
07.09. Asgeir Hesjedal Lunde
14.09. Jeanett Sellevold
14.09. Alexander Auro Indrebø
14.09. Jimmi Uldal

NESHEIM

25.05. Monica Gullbrå

STAMNES

17.08. Margit Marie Danielsen Kvamme
17.08. Sindre Steinsland
17.08. Cato Straume

VAKSDAL

17.08. Helene Marie Gundersen
17.08. Linn Tonje Aakre Steinsbø
17.08. Steffen Hærfindal Jørgensen

50 – årskonfirmantar

Ein glad gjeng, som fekk friska opp gamle minne. Konfirmantkullet frå 1936 i Vaksdal, møttest i Vaksdal kyrkje 28. sept. Dei var ein stor skuleklasse den gongen, og mange var det som møtte fram no 50 år etter. Det var først gudsteneste, og deretter tradisjonen tru fest på Bedehuset. Kjell Aasen las sjølv laga prolog, kyrkjekoret song og Kjell Arne Norum hadde ei lita helsing til jubilantane. Maten smakte godt, og praten gjekk livleg rundt borda, så som vanleg vart ikkje underhaldninga noko problem på denne festen.



Vigde



DALE

20.09. Oddvar Eikefet og
Anne Margrete Trefall

VAKSDAL

30.08. Geir Hilmar Skaftun og
Britt Kydland

Avlidne



DALE

16.08. Evald Olsnes f.1907
17.08. Marie Fornes f.1894
05.09. Magda Langhelle f.1896

EIDSLAND

20.06. Silje Møster Aas f.1984

STAMNES

18.06. Margit Jorunn Bukkestein f.1946

BERGSDALEN

21.09. Gulleik Lid f.1898

VAKSDAL

14.09. Olivia Marie Haugen f.Faugstad
f.1910
21.09. Johanne Trettenes f. 1906
22.09. Birger Martin Olsnes f.1913

VELKOMEN TIL KYRKJE



19.okt. - 22.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00.v/sp.Meidell.nattverd

EKSINGEDALEN kl.11.00.v/rk.NORUM.nattv.

26.okt. - Bots- og bededag.

DALE kl.11.00.v/sp.Meidell.nattverd.

VAKSDAL kl.11.00 v/Olav Totland.

Offer til Kr. arbeideres forbund.

NESHEIM kl.16.00.v/sp.Meidell.Vigsling
av det nye orgelet v/prost Østtveit.

02.nov - Helgemessesundag.

VAKSDAL kl.17.00.Fam.guds. v/rk.Norum.Ut- 23.nov. - siste søndag i kyrkjeåret.

deling av "Mi kyrkjebok" til 4-åringar. STANGHELLE kl.11.00.v/sp.Meidell.

Offer til Soknerådet.

STAMNES kl.11.00. Fam.gudst. v/rk.Norum. STAMNES kl.11.00. v/ rk.Norum. Nattv.

Utdeling av "Mi kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Stamnes Yngreslag.

Offer til Stamnes søndagsskule.

EIDSLAND kl.11.00. v/sp.Meidell.Nattverd. 30.nov - 1.sundag i advent.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband. VAKSDAL kl.11.00.v/sp.Meidell.Nattv.

Offer til Menighetsfakultetet.

09.nov. - 25.sundag etter pinse.

DALE kl.11.00.Fam.rudst.v/rk.Norum.

Utdeling av N.T. til 5.klasse ved

Dale skule. Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl.11.00.v/sp.Meidell,nattv.

Offer til I.K.O.

EIDSLAND kl.11.00.Fam.gudst.v/rk.Norum.

Utdeling av "Mi kyrkjebok " til 4-åringar

Offer til Nordhordland Indremisjon.

DALE kl.19.00. Lysmesse v/sp.Meidell.

07.des. - 2.sundag i advent.

NESHEIM kl.11.00.v/rk.NORUM.

Offer til Dronning Mauds Minne.

STAMNES kl.11.00.v/sp.Meidell.

Nattverd.Offer til Blå Kors.

VAKSDAL kl.19.00.Lysmesse v/Norum.

Offer til Den Indre Sjømannsmisjon og

Den Norske Sjømannsmisjon.

Forts. siste side....

Frå s. 15

13.des. - laurdag.

BERGSDALEN kl.16.00. Lysmesse v/sp.Meidell

Offer til Soknerådsarbeidet.

STAMNES kl.17.00.Lysmesse m/julekons.

v/rk.NOrum.Offer til Soknerådsarbeidet.

14.des. - 3.sundag i advent.

EKSINGEDALEN kl.16.00.Lysmesse m/julekons.

v/Norum. Offer til Kirkens Nødhjelp.

VAKSDAL kl.20.00.Julekonsert

andakt v/rk.Norum . Offer til

Bjergvin Bispedømeråd.

DALE kl.18.00.Julekonsert. andakt

v/sp.Meidell.



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.

Frist for innlevering av stoff til julenummeret er 14. november.

Tove Margrete



heiter pakkane frå Dåpsring for heimeane. 7. nov. kjem pakkane for aldersgruppene 0-1 år og 3-4 år. Materiellet er nøye avpassa etter barnet sin

alder. Det kjem 3 pakkar i året, og prisen blir omlag kr. 300,- pr.år.

Vil du vita meir, skriv eller ring til HJEMMENES DÅPSRING

Postboks 6796 St. Olavs pl.

0130 Oslo 1 Tlf. 02 - 42 26 33

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:

Inge Christian Meidell

tlf. 596120

Res. kap.:

Kjell Arne Norum

tlf. 597088

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 18-22
tlf. 596120

Utgevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese